

Årsmelding Vestland Venstre si fylkestingsgruppe

Venstre si fylkestingsgruppe har etter valet i haust, vore samansett av tre representantar, en framgang å ein. Venstre er framleis ein del av fleirtalskoalisjonen på fylket. Dette har blant anna gjeve Venstre plass i fylkesutval og finansutval , i tre hovudutval og med leiarvervet i Hovudutval for kultur, idrett og integrering. I tillegg deltar Venstre i dei førebuande møta til fleirtalsfraksjonen til hovudutval i Utval for samferdsel og mobilitet, der vi ikkje har representasjon

Å vera med i ein styrande posisjon gir sjølvsagt mykje større moglegheiter til å fremja og påverka fylkespolitikken frå Venstres ståstad enn gjennom ei opposisjonstilvære. Samtidig har det og vore tøffe tak, særleg i budsjetttrunden i haust, der aktivitet måtte takast ned på grunn av høg gjeldsgrad i fylkeskommunen og stigande kostnadar på kollektivsida. På nyåret, der vi fekk fasiten i form av endelege tal på skatteinngang med meir, viste fylkeskommunen sitt rekneskap eit overskot.

Samansetning og representasjon

I perioden januar- oktober var samansetninga slik:

Fylkestingsrepresentantar

Geir Kjell Andersland Gruppeleiari, nestleiar for utval for Kultur, Idrett og Integrering, fylkesutvalet, finansutvalet, fylkesvalstyret og valnemda.

Agnes Bernes Medlem i hovudutval for Næring , deltok og på fraksjonsmøta i hovudutval for Opplæring- og Kompetanse

Vararepresentantar

Tom Hiis Berg Medlem og varamedlem i hovudutval for Næring og

Astrid Knutsen Hårstad Varamedlem fylkestinget

Elizabeth Toft Erichsen Varamedlem fylkestinget

Torstein Tvinnereim Varamedlem fylkestinget

Jan Henrik Nygaard Deltok på fraksjonsmøta i utval for Samferdsel- og Mobilitet

Oktober 2023 – desember 2023

Åsta Årøen gruppeleiari, fylkesutvalet, finansutvalet, fylkesvalstyret og valnemda. Utval for opplæring og kompetanse.

Jacob Nødseth, leiar for utval for Kultur, Idrett og Integrering

Marius Hellan Hindenes, utval for næring

Vararepresentantar:

Camilla Elen Berg Larsen, 1. vara i fylkestinget, fast medlem i kontrollutvalet.

Atle Hamar, 2. vara til fylkesting, deltek fast i fraksjonsmøter for mobilitet og samferdsel.

Torstein Tvinnereim, 3. vara til fylkesting

Organisering og arbeid

Den gamle gruppa hadde faste gruppemøter før alle fylkesutval og fylkesting.

Marius Hellan Hindenes tilsett i 20 % stilling jan-feb, samt 80 % stilling mars-september, som gruppsekretær.

Den nye gruppa hadde ein hektisk oppstart med forhandlingar og budsjett, gruppemøta var då meir ad hoc, etter kvart som ting som trengte avklaring oppstod, men det er no lagt ein fast struktur med gruppemøter, der også AU i fylkeslag og UV og VKL blir innkalla.

Den nye gruppa deltok på Venstres sitt fylkesnettverk i desember i Oslo. Det var også ein hyggeleg middag i haust då ny og gammal gruppe skifte stafettpinne.

Elles har ny gruppe også brukt mykje tid på å reise rundt på ulike arrangement, og vi prøvar og i den forbindelse også å besøke lokallag.

Politikk.

Ny gruppe

Alle i den nye gruppa er aktive på talerstolen i kvart fylkesting, i ulike saker.

Det har vorte levert ein interpellasjon i haust av ny gruppe.

I budsjett prioriterte ein å skjerme kollektiv, og mellom anna vart aldersgrense på studentkort fjerna. På opplæring vart det satsa på nærmiljø i Olsvik, samt redusert nedtrekk på kulturfelt.

Gammal gruppe:

Geir Kjell Andersland var sakordfører for kulturmelding som var handsama i mars 2023.

Redusert kollektivsats for unge, samt offensivt kulturbudsjett var viktig satsingsområde i budsjett.

Interpellasjon om at Ungdommen må få sove lenger(etter inspirasjon etter fylkesårsmøtet).

Åsta Årøen